

Hallo i nedslagsfeltet!

Sommeren er komen i Velledalen, det er heilt sikkert! Over 30 grader viste på gradestokken i dag (i sola). Ganske herlig ettersom det har vore ein ganske så kald vinter uten så mykje snø. Desverre for min del som kunne ønskje å gå meir på langrenn. Uansett verkar det som treninga i vinter har vore god. 1. mai stod eg opp klokka tre for å vere med på Konradløpet. Det var slett ikkje nødvendig å stå så tidlig opp ettersom det tek meg nokre få minutt å kome meg til startstreken. Men sidan eg ikkje fekk søve lengre, måtte eg berre stå opp. Eg skal ikkje stikke under ein stol at eg både var litt spent og oppgira før startskotet.

Vindstille, klart og opplett var forholda då eg sto opp. Reint bortsett frå at vegbana var litt glatt, var det supre forhold. Eg hadde ein ganske så forsiktig start, men oppe i Nakkeberget hång eg på Elisabeth O. Hole som eg veit er ganske så rask. Eg merka tidleg i løpet at eg hadde dagen og at beina ville spele på lag med vilja. Då eg sprang forbi eit lite stykke før hovudvegen var eg ganske så sikker på at eg ville bli tatt igjen, så eg gjorde eit temposkifte og långa ut i håp om å få ei luke. Og det haldt. Tida vart 18:41, og førsteplass blant kvinnene. Eg kan vel seie at eg vart ganske førnøgd med tida og faktisk ganske overraska. Eg og Andrea har spøkt om å klare damerekorden lenge, noko vertfall eg trudde var eit hardt mål denne sesongen. Eg vart derfor utrulig glad og følte at alt det arbeidet eg har gjort ned verkeleg var verdt det. Det er ikkje få timar, hehe! :) Det at også Andrea klarte å kome seg på pallen med ei solid tid var verkeleg toppen av kansekaka. Med andre ord ein skikkelig bra dag! Det er vel det ein kan kalle idretts glede...



*Draumesituasjonen kan ein vel seie*

Som eg allereie har nemnt er vêret fabelaktig for tida, og eg nyt det fullt ut. Heilt fantastisk vêr å springe i, nesten for varmt. Der er lenge sidan eg kunne fyke langs vegane i berre kortebukse! Rulleskiene har eg enda ikkje kome ut i lyset, men det tek vel ikkje så lang tid før også dei er ute å rullar!



*Joggeskoa mine skin om kapp med sola om dagen*

Om alt går etter planen stiller eg i Åndalsnesløpet neste helg på yndlingsdistansen 5 km. Så gjenstår det å sjå om forma er god nok til ei bra tid!

Mi personlige form: 8,5